



Elin får nok å gjera framover

Det kom inn til Jernia 416 søknadar til dei 6 plassane i Hjemmekokklauget, som Elin Enes fekk ein av. Responseren var med andre ord enorm og kjededirektør i Jernia Britt Aas Fidjestøl gler seg. - Det må vera landets mest søkte, meiner ho.

1,6 millionar har vore innoom heimesida til faghandelskjeden som har 175 butikkar rundt om i landet og 12 000 om dagen har røysta på kandidatar.

- Eg gler meg til å fylgja laugget framover og sjå korleis vi saman med dei kan bistå folk med å lukkast heime, seier kjededirektøren. Føremålet til laugget som Jernia organiserer er å spreia matglede og inspirere andre til å oppdage at god mat og drikke kan vera bådeenkelt og tilgjengeleg, understrekar ho.

Dei 3 siste medlemmene vert offentleggjort i dag, søndag og måndag og like over helga skal det truleg vera filmopptak av heile laugget i Oslo. Då vil medlemmene sikkert også få sjå resultatet av det eit filmteam gjorde i Toscana.

Medlemmene av laugget får etter alt å døma nok å stå i med framover.

Av Ola Matti Mathisen